

## ÅRSMELDING 1998 KEIPEN TURLAG BREMANGER KOMMUNE.

Medlemstalet i laget er ca. 70 stk., altså ein liten tilbakegang i medlemstalet.

Årsmøte 1997 var i "Trudvang på Kjelkenes 27.11.97. Referat frå årsmøte, årsmelding, turplaner, budsjett og rekneskap vart sendt ut til alle medlemane i januar måned 1998.

I dette arbeidsåret har turlaget hatt berre eit formelt styremøte, det var i Kalvåg 23.09.

Elles har leiar, sekretær og kasserer hatt møte med nødvendig gjennomgang av laget sin post og anna korrespondanse

Dugnadsarbeid: Siste vinter/vår vart det gjort avtaler med grunneigarane ved den gamle fjellvegen frå Hunskår gravplass til Hornelen. 27.06.98 vart det arrangert stioppgang og stikking av ruta. Dette vart utført i lag med medlemar frå Ytre Nordfjord Turlag. Det er no klart for å bygge vardar og male T-ar på denne ruta. Vi håpar å få dette igong til sommare

For Moldahytta har vi fått tegna ut tilbygg for do og vedrom. STIF har kjøpt inn materialane til dette og Elkem Kraft har løfta dette opp med helikopter. Bygginga skal starte til våren. Vi har også fått pengar frå Bremanger kommune (kulturmidlar), og har kjøpt inn stoff og puter. Trekket er sytt på dugnad og putene er på plass. Utedo er kjøpt inn. Den store dugnadsinnsatsen i vinter var då fleire av damene våre vaska og skura ned hytta og soleis har fått ho "sunn og beboelig".

For den verna Knekkevasshytta er det no meininga å få til ein avtale med Elkem Kraft om bruk og stell av huset, og det er planar om å få opp omn og skorstein.

Økonomien i laget er sunn, og vi reknar no med å få tilbakeført pengar frå SFT's kartfont. Desse vert øyremerka hytteprosjekt. Det vert spennande å sjå kva dette blir til.

Turaktivitet: Mange turar vart i år avlyste p.g.a. dårleg ver, og til dels av at ingen turgåarar kom. Likevel fekk vi fleire fine og vellukka turar. Dei flottaste var kanskje skituren til Keipen 1.mai og fotturen frå Klauene til Terdalen 6.juni. Turdeltakartalet i år er 182 stk. notert + ca. 100 deltakarar på kveldsturar i ytre Bremanger.

Forslaget på turar for komande år er lagt opp etter same mønster som dei siste åra.

Representasjon: Anne Turid Ljungren (sekretær i SFT) og Oddmund Leirvik representerte turlaget på årsmøtet på Skei i januar 98. Jostein Nygård var utsending til Fellesmøte i Florø 18.10.98. Keipen turlag hadde stand på Svelgen Samfunnshus under OPEN DAG i Svelgen august 1998

Mrk. til årsmelding: Det var ikkje kalt inn til dugnad ang. sti Hunskår-Hornelen. Doen på Moldahytta burde ha vore vanleg gamaldags utedo.

Keipen turlag- Oddmund Leirvik - leiar